

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Vår ref.:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Dato:

2010/546 - 899/2011

Ingvill Skogseth, 51 96 38 12

02.03.2011

Høring - endring av prioriteringsforskrifta - Helsehjelp til personar som oppheld seg ulovleg i landet

Vi viser til høyringsdokumenta i denne saka med forslag til endringar i prioriteringsforskrifta – helsehjelp til personar som oppheld seg ulovleg i landet.

Helse Vest RHF støttar i all hovudsak dei endringane og presiseringane som er foreslått i høyringsnotatet.

Vi vil peike på to områder der vi har nokre kommentarar:

Svangerskapsomsorg og gynekologiske pasientar

Departementet foreslår at alle gravide som oppheld seg i landet, skal ha lik rett til svangerskapsomsorg etter vanlege retningslinjer. Helsedirektoratet tilrår i sine retningslinjer 8-9 kontrollar for friske, gravide med normalt svangerskap. Dette talet vil fort bli det dobbelte for kvinner med unormalt svangerskap.

Fødsel er å rekne som akutt hending, og vanleg omsorg i samband med fødsel vil derfor også være nødvendig helsehjelp frå spesialisthelsetenesta. Dei fleste vil oppsøke sjukehus ved fødsel. Forsvarleg og omsorgsfull fødselshjelp er sjølvstøtt avhengig av adekvate kontrollar under svangerskapet.

I høyringsnotatet synes drøftingane av dei økonomiske konsekvensane å vera noko uklare. Etter det vi forstår, inneheld forslaget ingen endring i hovudregelen om at det skal betalast fullt ut for mottatt helsehjelp for personar som ikkje er dekkja av folketrygda. Det vil sei at personar som oppheld seg ulovleg i landet, skal betale svangerskapsomsorg og fødsel sjølv. Dette burde vore tydelegare framstilt. Det same gjeld for kvinner som får utført svangerskapsavbrot og for pasientar med kreft i terminalfase.

Pasientar med tuberkulose

Det bør vurderast om tuberkulose skal inn i tabellen som omhandlar sjukdommar som ikkje kan vente med omsyn til behandling.


I prioriteringsforskrifta – under punkt om smittsame sjukdommar – kunne det med fordel vore laga ei lenke til Tuberkuloseforskrifta inklusive merknader. Der står det: *”For personer med tuberkulose som innlegges i sjukehus, men som ikke har medlemskap i folketrygden (for eksempel asylsøkere med endelig avslag på søknad om asyl), skal imidlertid det regionale helseforetaket dekke utgiftene etter reglene i forskrift om tuberkulosekontroll § 4-9 tredje ledd, jf smittevernloven § 6-2. Forskrift om tuberkulosekontroll §4-9 gir slik sett en utvidet rett til gratis tjenester og tiltak, og innebærer derfor en særregulering av utgiftsdekningen i forhold til de alminnelige regler om dette i spesialisthelsetjenesteloven kapittel 5”.*

Slik vi ser det, vil dei som oppheld seg ulovleg i landet også vil komme inn under denne ordninga slik at tuberkulosebehandling då også blir utan kostnader for denne gruppa. Det reiser nokre praktiske spørsmål som bør avklarast og presiserast nærmare, som til dømes:

- Kva skal skje med dei utan lovleg opphald når behandlingstida på sjukehus er over (oftast 14 dagar etter at behandlinga er starta) ?
- Kven tek ansvar for at den som oppheld seg ulovleg i landet har bustad etter utskriving frå sjukehus ?. Blir det slik at dersom kommunen ikkje kan skaffe bustad, må pasienten vera innlagt på sjukehus til behandlinga er fullført?
- Har dei krav på sosial stønad?
- Dersom pasienten får biverknader av behandlinga – kven dekker ekstra utgifter ?
- Dersom eit barn får/har tuberkulose, men oppheld seg her ulovleg saman med familien – vil då heile familien få mellombels opphald til behandlinga er gjennomført ?

Behandlinga skal gjennomførast i tråd med gjeldande tilrådingar (direkte observert behandling) – oftast utført av heimesjukepleien, og pasienten skal gå til jamleg kontroll hos spesialist under veps i behandlingsrekka. Behandlinga for tuberkulose er lang, minimum 6 månader, men kan strekke seg til 18 månader. Slik vi ser det, bør helsehjelpa omfatte heile den planlagde behandlingsperioden. Dersom ikkje, kva kriterium bør stillast for at det er trygt for pasienten og omgjevnadene at han/ho blir sendt ut av landet ?

Med helsing


Hans K. Stenby
Plansjef


Ingvill Skogseth
seniorrådgjevar